

Lyser ut 6,9 mill. kroner til forskning

Bedrifter og kommunar i Møre og Romsdal kan no søke om støtte på inntil 500 000 kroner for å kome i gang med forskning- og utviklingsprosjekt. Vi tek imot og behandlar søknadane løpande.

PUBLISERT 21. FEB. 2020 OPPDATERT 7. FEB. 2023



Bilde: Sekretariatsleiar Øyvind Herse og FoU-rådgivar Anna Marie Hatlestad er klare til å ta imot søknadar.

Regionalt forskningsfond Møre og Romsdal lyser no ut Kvalifiseringsstøtte, der næringsliv og kommunale verksemder kan søke om prosjektstøtte til forskningsbasert innovasjon. Det kan søkast om inntil 500 000 kroner. Hensikta med kvalifiseringsstøtta er å få opp forprosjekt som kan gå vidare til hovudprosjekt med støtte frå regionale, nasjonale eller internasjonale ordningar.

Tema for utlysinga

Kvalifiseringsprosjekta må handle om minst to av følgande tema:

- Prosjekt som bidrar til berekraftige løysingar og det grøne skiftet (FNs berekraftsmål er forande)
- Mogleggjerande teknologiar (bransjespesifikke eller generiske)
- Havrommet som grunnlag for næring
- Innovasjon i kommunal sektor (fornyng, effektivisering og betre kvalitet)

Kven kan søke?

Bedrifter, bedriftsnettverk og kommunale verksemder i Møre og Romsdal kan søke. Søkar må samarbeide med minst eitt godkjent FoU-miljø. FoU-institusjonar frå Møre og Romsdal kan også søke dersom det er i samarbeid med regionale bedrifter eller kommunar.

Kva skal til for å få støtte?

-Vi prøver å gjere det så enkelt som mogleg å kome i gang med forskning. Men det er likevel visse krav som må vere oppfylt før vi kan tildele midlar, blant anna er det krav om 50 % eigeninnsats i form av pengar eller arbeidstimar. Det beste tipset er derfor å lese utlysingsteksten nøye. Der står det både kva midlane kan brukast til og kva dei ikkje kan brukast til. I søknader frå kommunar legg vi vekt på at kommunane er problemeigar og at forskingsinnsatsen og innovasjonane skal komme brukarane til gode, seier sekretariatsleiar Øyvind Herse.

Finns det hjelperessursar?

-Vi oppfordrar interesserte til å ta kontakt med ein kompetansemeklar. Kven kompetansemeklarane er, og kvar dei held til, finn du [på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune](#). I ein tidleg fase kan du også sparre med oss som sit i sekretariatet for Regionale forskningsfond Møre og Romsdal. Vi kan gi generelle råd og tips, seier Herse.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 22. juni 2026, kl. 21.36 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.

